

DNMI

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT

klima

DATARAPPORT FRA 5802 GJENGEDAL - DALHEIM FOR 1990

PER ØYVIND NORDLI

RAPPORT NR. 24/91



DNMI - RAPPORT

DET NORSKE METEOROLOGISKE INSTITUTT
POSTBOKS 43 BLINDERN 0313 OSLO 3

TELEFON: (02) 96 30 00

ISBN

RAPPORT NR.

24/91 KLIMA

DATO

23.05.1991

TITTEL

DATARAPPORT FRÅ 5802 GJENGEDAL - DALHEIM FOR 1990

UTARBEIDD AV

Per Øyvind Nordli

OPPDRAGSGJEVAR

SOGN OG FJORDANE ENERGIVERK

SAMANDRAG

Rapporten gjev opplysningar om instrumentering på stasjonen 5802 Gjengedal - Dalheim og drifta av han gjennom året 1990. Til slutt følgjer eit kort utdrag av aktuelle data for driftsåret gjeve i form av grafiske framstillingar.

UNDERSKRIFT

.....
Per Øyvind Nordli

Per Øyvind Nordli
SAKSHANDSAMAR

.....
Bjørn Aune


Bjørn Aune
FAGSJEF

DATARAPPORT FRÅ 5802 GJENGEDAL - DALHEIM FOR ÅRET 1990

GENERELLE OPPLYSNINGAR:

Om stasjonen: Stasjonen kom i drift den 11. juli 1989 i Gjengedalen nær garden Dalheim i Gloppen kommune, Sogn og Fjordane fylke. Plasseringa av stasjonen er valt ut med tanke på ei mogleg utbygging av Gjengedal-vassdraget som munnar ut i Nordfjorden ved Hyen. På grunn av protestar frå grunneigarane, vart stasjonen flytt om lag 40 m mot W de 5. oktober 1990. Vi reknar med at flyttinga ikkje har hatt nokon innverknad på observasjonane.

Mølingane kom i stand etter initiativ frå Sogn og Fjordane energiverk som innleidde eit samarbeid med DNMI om drifta av stasjonen.



Figur 1 Kart over Gjengedalsvassdraget sør for Hyen i Nordfjord. Stasjonen 5802 Gjengedal - Dalheim er markert ved og nedbørstasjonen 5799 Gjengedal ved

Instrumentering:

Følar	Høgd over bakken
Temperatur i luft	2 m
Temperatur i luft	10 m
Vindfart	10 m
Vindkast	10 m
Vindretning	10 m
Globalstråling	-
Nettostråling	-
Relativ råme	2 m

SISTE DRIFTSSESONG, 1990:

Generelt: På slutten av året auka det på med feil-loggingar på stasjonen og vi fekk ekstra mykje arbeid med datakontrollen. Og frå den 6. november vart alle data forkasta med unntak av vind.

Inspeksjonar: Stasjonen vart inspisert frå DNMI ved Per Øyvind Nordli den 6. juni. Problema på stasjonen i slutten av året var årsak til at han vart inspisert ekstraordinært den 9. februar 1991 av Olav Bergholtz.

Temperaturfølar i 2 meter og i 10 m: Det er komplette data fram til problema på stasjonen melde seg den 6. november. Resten av året må alle data reknast for tapt.

Relativ råme: Som for temperatur.


Globalstråling og totalstråling: Som for temperatur.

Middelvind og vindkast: Datatilgangen var komplett gjennom heile året.

Vindretning: Datatilgangen har vore som for temperatur. Under flyttinga den 5. oktober kom nordmerket ut av stilling, 67° mot aust. Det blir korrigert for dette ved konverteringa av dataene.

KORT OVERSYN FOR INNKOMNE DATA I 1990:


Middelvinden på stasjonen er vist på figur 2 saman med middelet av den høgste kastvinden i kvar time. Vi ser at kastvinden (middel for 2 s) er over dobbelt så sterk som middelvinden over 1 time. Sterkast vind var det i februar og mars da området vart råka av mange syklonar frå Norskehavet.



Figur 2 Medelvind i 1 time og vindkast i 2 sekund målt 10 meter over marka.

Figur 3 viser summen av stråling i kvar måned saman med medeltemperaturen. Strålinga er gjeven som globalstråling, d.e. kortbølga stråling anten direkte frå sola eller som spreidd eller reflektert stråling i atmosfæren. Figuren gjev også totalstrålinga eller nettostrålinga mot ei svart flate, d.e. både kortbølga og langbølga stråling.

Globalstrålinga er nær knytt til solhøgda og er ofte størst i juni måned. Nå reduserer skyer globalstrålinga og vi ser at i 1990 har mai fått meir stråling enn juni. Av figuren ser vi vidare at strålingsbalansen (totalstrålinga) over ei svart flate er negativ i månadene januar, februar og oktober (og også i november og desember om vi hadde hatt data).



Figur 3 Månadssum av globalstråling, totalstråling (strålingsbalanse over ei svart flate) framstilt i søylediagram (akse til venstre) saman med månadmiddel av temperatur (akse til høgre).

I året 1990 var januar og framfor alt februar ekstraordinært milde månader. På figuren har vi ikkje eitt månadmiddel som er lågare enn 0°C. Men om ikkje anlegget hadde svikta, ville vi ha fått det i desember som var den kaldaste månaden på Vestlandet i 1990 med middeltemperaturar omkring månadsnormalen.

Alle sommarmånadene juni, juli og august var like varme dette året. Juni var varmere enn normalt, juli kaldare.